

## MINNEORD

Åsvald Solheim er død

Åsvald Solheim, Nærbø, er død, 75 år gamal. Då han for eitt år sidan vart sjuk, visste han at prognosen var dårleg. Men saman med helsestellet gjorde han og dei næraste det dei kunne for å hjelpe og lindre – og, om mogleg, å stoppe sjukdommen. Sjølv var han trygg på at han var i Guds hender, same korleis det ville gå. På den måten var han òg eit vitne og eksempel for alle som møtte han i sjukdomstida.

Solheim var frå Halsnøy i Sunnhordland. Han utdanna seg til lærar og organist. Frå 1964 flytte han med familien til Nærbø, der dei vart buande. Han var lærar ved Nærbø ungdomsskule og seinare rektor ved Bø skule og organist i Nærbø kyrkje. Frå 1982 var han kantor i Time prestegjeld til han vart pensjonist i 2004.

Åsvald Solheim var ein av pionerane innan musikkskulane. I 1970 starta han musikkskulen i Hå, ein av dei fyrste i landet, og var rektor for den fram til 1998. I 1973 var han med på å starta Norsk Kulturskoleråd, samarbeidsorgan for kulturskulane i landet. Han var medlem i rådet, m a som leiar i eit par periodar. For innsatsen her er han tildelt Norsk Kulturskoleråds ærespris.

Solheim var òg med på å starta Norsk Musikkpedagogisk forening. Han var samstundes aktiv i Norges Organistforbund, der han var med i sentralstyret, òg som leiar ein periode.

Lokalt var Åsvald Solheim med på å prega mykje av musikklivet. Saman med kona Ingjerd, som var ein framifrå opplesar - ho døydde for to år sidan - presenterte dei salme- og songskattar i ord og tonar, både i kyrkjelege og andre samanhengar.

Dei var begge aktive i arbeidet for Det Norske Misjonselskap og for det lokale kyrkjelivet. Stor var glæda då den nye kyrkja på Nærbø vart innvigd i 2005. Den hadde dei arbeidd mykje for.

Dei to siste åra var Åsvald leiar for nemnda som skulle skaffe kyrkjeorgel til den nye kyrkja, noko han hadde ivra svært for. Han måtte søkja fritak frå dette den siste tida. Likevel kunne han, berre dagar før han døydde, glede seg over meldinga om at finansieringa no var kome so langt at Hå kyrkjeleg fellestråd hadde gjeve grønt lys for bestilling av orgel.

Med ekteparet Solheim fekk song- og musikklivet ei stor gåve som andre nå byggjer vidare på.

Ths.P.Randulff